



Nipo Kraft AS  
Dyrkolbotn 119  
5994 VIKANES

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/16512 - 23/59654

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
21.07.2023

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - dispensasjon Dyrkolbotn kraftverk**

Tiltak: Kraftverk Dyrkolbotn  
Byggjestad: Gbnr: /  
Tiltakshavar: Nipo Kraft AS  
Ansvarleg søkjar: Einar Sofienlund

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 19.07.2023.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Mellombels deponi er nytt tiltak som krev utgreiing i høve naturmangfaldslova, veglova. Vi der at NVE har godkjent revidert plan den 7.07.23, men de har ikkje vurdert mellombels deponi i løyve av 19.10.20 som de viser til.
2. Det skal søkjast om ny avkøyrslø/evt. utvida bruk frå kommunal veg for tiltaket til samferdsel-, veg, vatn og avløpsavdelinga her i Alver kommune.
3. Det skal søkjast dispensasjon frå byggjegrense mot kommunal veg på 15 meter for deponi til samferdsel-, veg, vatn og avløpsavdelinga her i Alver kommune.
4. Vi trenger storleik på deponi, tidsavgrensing på bruken. Vi trenger situasjonsplan med deponi i målestokk med vist avstand til nabogrenser og veg.
5. Det skal liggje føre vurdering etter naturmangfaldslova med omsyn til avrenning til vassdrag, type massar. Vi lurar på kva er plan på tilbakeføring av areal for mellombels deponi med tidsperspektiv.
6. Etter vi får opplysningar om storleik og tidsavgrensing skal tiltaket vurderast evt. etter bakkeplaneringsforskrifra av Landbruksavdelinga her.

Saka skal sendast på høyring til Statsforvaltaren i Vestland og fylkeskommune etter vi mottar opplysningar.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 1.09.23. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Einar Sofienlund

Modalsvegen 537

5729

MODALEN

### **Mottakarar:**

Nipo Kraft AS

Dyrkolbotn 119

5994

VIKANES